

Helikopterflyginga i Uskedalen i går var ein 50-årsgåve. Bjørn Egil Haugland fyller 50, og fekk flytur som gåve frå storfamilien



Helikopteret kom frå Bergen med Sara Haugland (dotter), Dag Gjertsen (svigerson) og kvinnelig pilot, turen tok 20 minuttar frå Bergen til Uskedalen.



Jubilanten vart veldig overaska og trudde han skulle på 'lunsj' til broren. Han skjønnte fortsatt ingenting då helikopteret landa, men då kjente ansikt kom ut frå helikopteret gjekk det opp for han kva som skulle skje.

Familie og venner stod klare for å ta imot helikopteret som er frå Fonnafly. Han fekk tur i 30 min over kommunen til blant anna Folgefonna, Åkrafjorden, Tverrfjell, Solfjell, Mannsvatnet, over Ulvanåso og ned dalen. Anette Haugland (datter), Bjørn Martin Haugland (son) fekk også vera med på turen.



14.11.2020

Uskedal Utvikling

Helikopteret landa på jordet til Kjell Magne Haugland, utanfor Uskedal skule.
Turen gjekk i ca. tusen fots høgde i 200 km i timen.

Av Sara Haugland
Foto: Dag Gjertsen